

Frå Hestavodlen - fotografert i stereo av Chris Pedersen Myklebust.

**Det er påske og det inneber at også det spesielle organ Øyaposten kjem ut med påskenummer.**

**Medan andre massemedia slit med masseoppseiingar har organet for Snilstveitøy og Kalven gått andre vegen og auka sidetaket med 4 til 20. Og ikkje nok med det: Fotografia kjem også til dels i stereo, noko ein uskedeling faktisk har æra for!**

Uskedelingen heitte Chris(Kristian) Pedersen Myklebust (1869/1936) og var ein av 700 fotografar med norsk bakgrunn som var aktive i dei norsk-amerikanske kjerneområda. Han hadde atelieret sitt i Eagle Grove i Iowa og Uskedalsposten har skreve om han tidlegare. Men no har Bjarne Øymyr og Åslaug Snilstveit ofra 4 sider på fotonoponeren fordi han under ein av turane sine til heimlege trakter også var på Snilstveitøy og fotograferte.

Han tok mellom anna eit bilete på Hestavodlen, trilig i 1905, som er attgjeve i reportasjen. Det er også eit bilete der av familiane Øren og Fredsvik på Øyro. Det siste er i stereo, som betyr at ein kan sjå det tredimensjonalt. Ved hjelp av eit stereoskop får ein fram den magiske tredje dimensjonen tydeleg og på Hestavodlen har dei framleis stereoskop! Øyaposten har vore med og sett korleis det fungerer. Så når kinoane har starta opp med film i tre dimensjonar er det altså slett ikkje noko nytt!


Elles er Øyaposten som vanleg spanande lesnad og eit kvalitetsprodukt både skriftleg og med omsyn til bilete og grafisk design. Så er da også paret bak det svart/hvite produktet profesjonistar.

I påskenummeret kan ein mellom anna lesa om då futen på Snilstveit vart stevna for retten, om Barmen der våren kjem fyrst, om skifeber på Øyo og om bokbåten "Epos" på jubileumsferd. Og så er det som vanleg mange gode bilete frå tidlegare tider. Til og med Øyakvissen er på plass!

Øyaposten er forresten 5 kroner billegare hvis ein kjøpar ho på Øyo. Fastlandsprisen er 30 kroner!

Av Ola Matti Mathisen

**Views from Norway.**  
Dette stereobildet vart  
klipt i to. Vi er på Øyro  
og huset i bakgrunnen  
er Hagen. Huset er  
nybygd og malaren er  
i full sving. Folket er  
familien Øren, og  
familien Fredsvik.  
Legg merke til at dei  
to hundane og får vera  
med på bildet. Vi trur  
at mannen med hatt  
er husbygger Jens  
Hagen, kona hans  
Sella Hagen står til  
høgre. Den lyse jenta  
framom Jens er  
dottera Marta Hagen.  
Bildet er teke 1905-  
1910. Fotograf er  
Kristian Pedersen  
Myklebust. Bildet er  
lånt av Jon Øren.



Øyro rundt 1905 fotografert av Chris Pedersen Myklebust